

ENOVA støttar utgreiing av «Smart Grid Øyrane»

Hellenes Yard, Tibber, Sunnfjord Energi, Vestlandsforskning og Sfiinx har fått støtte frå Enova til ei konseptutgreiing for smarte energisystem på Øyrane i Førde. Utgreiinga skal gje svar på korleis ein kan utnytte energiressursar på ein best muleg måte innanfor industri- og bustadområdet. Føremålet er å oppnå både økonomiske og miljømessige gevinstar basert på tilgjengelege lokale energikjelder og overskotsressursar, som til dømes spillvarme, biomasse, avfall og solenergi.

- Øyrane har eit energipotensial på opp mot 16 GWh per år som i utgangspunktet går tapt. Dette kan utnyttast betre dersom ein samkøyrer dei ulike energisistema på området, til dømes ved å utnytte spillvarme frå eitt anlegg som innsatsfaktor i industriell produksjon i nabobygget. Det seier Agnar Hellenes, som er ein av initiativtakarane til prosjektet.

Utviklinga går mot meir lokal produksjon og bruk av energi. Til dømes kan bygningar og heile kvartal verte nærmest sjølvforsynte med energi gjennom integrerte system for fjordvarme og solenergi. Smart teknologi bidreg til at desse energisistema vert utnytta effektivt.

- Eit viktig føremål med prosjektet er å teste ut korleis smart teknologi gjer det muleg for aktørar på Øyrane å kjøpe og selje energi seg imellom. Det vil vår løysing for automatiserte transaksjonar i energimarknaden vere sentral, seier Edgeir Aksnes i Tibber AS.

Sunnfjord Energi As er deltakar i Førdefjorden Energi AS, som har starta bygginga av eit fjernvarme- og fjernkjøleanlegg på Øyrane. Førdefjorden Energi AS er eigd av Sunnfjord Energi 47%, BKK Varme 47% og Førde kommune 6%. Anlegget skal distribuere varme og kjøling til bygningsmasse over heile Førde, inkludert industri- og bustadområdet på Øyrane.

- Dersom ein får integrert energisistema på Øyrane på ein fornuftig måte vil vi ha ei stor interesse dette, både som energileverandør og eventuell avtakar, seier Olav Osvoll i Sunnfjord Energi.

Ein vil òg sjå på korleis hydrogen kan fungere som energilagring i eit slikt «smart nett» av ulike energiformer. Sogn og Fjordane fylkeskommune, som i vår vedtok å starte ei toårig satsing på hydrogen som energiberar, er difor med i referansegruppa i prosjektet.

Utgreiinga om Smart Grid Øyrane skal svare på problemstillinga: «Kva er det teknisk- økonomisk-miljømessige potensialet ved å kople saman og integrere dei eksisterande og planlagte energisistema på Øyrane?» Det er Vestlandsforskning som har ansvaret for å gjennomføre den teknisk-økonomisk-miljøanalysen i prosjektet, i nært samarbeid med dei andre prosjektpartnerane.

- Vi ser fram til å bidra med kunnskap som grunnlag til nye og innovative løysingar for smarte energisystem og berekraftig bruk av overskotsressursar i fylket, seier Øyvind Heimset Larsen i Vestlandsforskning.

Utlysinga «Konseptutgreiing for innovative energiløysingar i bygg og område» er ei ny støtteordning frå Enova. Kunnskap som partane tileignar seg i prosjekta skal gje grunnlag for avgjærder om investering og vidare utvikling: <https://www.enova.no/finansiering/naring/bygg-og-eiendom/stotte-til->

konseptutredning/stotte-til-konseptutredning-for-innovative-energiløsninger-i-bygg-og-områder/1101/2270/

Pressekontakt:

Anders Haugen / 906 45 649 / anders.haugen@hellenes.as

Mulege element i eit Smart Grid Øyrane:



Om prosjekteigar og prosjektdeltakarane:

Hellenes Holding AS med datterselskap har sidan 2011 definert «berekraftig utvikling» som eit kommersielt satsingsområde, og har i all hovudsak orientert si verksemnd om avfallsbehandling, fornybar energi samt oppdrettsnærings og havbruk. Selskapet vart i 2016 nominert til SIVA-prisen for sitt arbeid med innovasjon innanfor sine område. Nokre døme på berekraftperspektivet i verksemda:

Hellenes Holding AS var ein av stiftarane av Greenstat AS og er no aksjonær i selskapet.

Datterselskapet Hellenes Produksjon AS er leverandør av ein verdsleiane teknologi for handtering av oljehaldig boreavfall.

Hellenes AS har levert tekniske løysingar til landbasert avfallsbehandling, småkraftverk og vassrensing. I tillegg har Hellenes AS hatt ein rådgjevande funksjon i høve til flere regionale offentlege og private prosjekt der «overskotsressursar» (avfall eller overskotsvarme) vert nytta som ein innsatsfaktor i industriell produksjon. Selskapet satsar på å bli ein systemintegrator for slike «sirkulærøkonomi»-prosjekt.

Hellenes Yard har inngått avtale om erverv av eit biobrenselanlegg som vil bli ombygd til eit modulbasert anlegg, der modulane kan byttast ut med løysingar som vert utvikla av Hellenes AS og samarbeidande selskap.

Det ideelle føretaket Sfiinx AS har definert berekraftig utvikling og ressursoptimalisering som eit fokusområde i vedtekten.

Tibber AS

Tibber AS er verdas første fulldigitale energileverandør som rettar seg direkte mot forbrukarar. Selskapet lanserer i 2016 sine tenester til Sverige og Norge, og sit på en unik teknologi som muleggjer automatiserte, finansielle transaksjonar mellom kjøparar og selgarar innanfor energi.

Tibber sit i prosjektgruppa, og vil bidra til den teknisk- økonomisk-miljømessige analysen særleg med kalkylar innanfor solenergi og andre alternative energikjelder samt smarte løysingar for omsetnad av energi mellom aktørane i grid'en.

Vestlandsforsking

Vestlandsforsking er eit forskingsinstitutt som utfører forsking og utvikling for næringsliv og offentleg sektor. Instituttet vart etablert i 1985, og har om lag 30 tilsette som arbeider med forsking innan klima, miljø, IT og reiseliv. Vestlandsforsking leverer kunnskap som møter samfunnsutfordringar, og bidreg til innovasjon og berekraftig utvikling.

Vestlandsforsking er med i CenSES- nettverket. CenSES -nettverket har ein sterk tverrfagleg kompetanse, og har som hovudmål å betre kunnskapsgrunnlaget og beslutningsgrunnlaget for framtidas bærekraftige energistrategi, på brukar- og systemnivå, og for beslutningstakarar i industri og i det offentlege.

Vestlandsforsking sit i prosjektgruppa, og bidreg med ei kunnskapsframstilling av microgrids som vert nytta i konseptutgreiinga og avgjerdsgrunnlaget for vidare satsing.

Sunnfjord Energi

Sunnfjord Energi er eit integrert kraftselskap med kraftproduksjon, drift og bygging av nett samt sal av kraft til bedrifter og hushald. Konsernet driv innan produksjon og omsetnad av fornybar energi, utbygging og drift av om lag 2.600 km linjenett, konsulentverksemد knytt til småkraftverk, breiband og fiber, varmepumpe og entreprenørverksemد.

Sunnfjord Energi vil vere ein aktiv deltakar i prosjektet, og bidra med kompetanse og ressursar i arbeidsgruppa, samstundes som dei vert ein viktig aktør som energileverandør og -forbrukar i eit muleg Smartgrid.